## Referat frå elevrådsmøte for 5-7, onsdag 09.11.22

**Desse møtte:** Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Nora T. Leikanger (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Emily J. Fauske (7A), Brage S. Lending (7B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt).

## SAKSLISTE

**Sak 1: Helseveka 2023**
Emily og Hilde har vore på planleggingsmøte (19.10.22) for Helseveka, og skal på eit nytt møte onsdag 9. november. 5-7 har fylgjande innspel:

- Er 5-7 samde i ei vidareføring av «Klassens dag» og «ASK-dagen»?
    - 5A: ynskjer både klassens dag og ASK-dagen (ynskjer kamp mot lærarane)
    - 5B: ynskjer klassens dag, og nokre ynskjer ASK-dagen
    - 6A: ynskjer klassens dag, men ikkje ASK-dagen
    - 6B: ynskjer begge deler
    - 7.trinn: ynskjer begge dagane
- Lære om sjukdommar – legebesøk: er 5-7 interessert i dette?
    - 7. trinn: Få som ynskte dette.
    - 6A: fleirtalet ynskjer det ikkje
    - 6B: halve klassen ynskte, halve ynskte ikkje
    - 5A: ønsker besøk – gjerne både snakke om sjukdommar og kunne stille spørsmål
    - 5B: nokre ynskte dette

**Konklusjon:**
Emily og Hilde melder fylgjande tilbake til planleggingsgruppa for Helseveka:

- 5-7 ynskjer å vidareføre både «Klassens dag» og «ASK-dagen».
- Fleirtalet på 5-7 ynskjer ikkje legebesøk der ein kan lære/stille spørsmål om sjukdommar.

Tek elles med forslaga frå klassane til planleggingsgruppa:

| **Andre forslag frå klassane:** | |
|---|---|
| **5A:** | • «Byttedag» - jenter/gutar – kle seg ut som kvarandre<br>• Pysjdag<br>• Ta med-dag<br>• «Alt utanom ein sekk»-dag |
| **5B:** | • Klassens dag og ASK-dagen<br>• Lage-dag (lage mat, spikke, teikne)<br>• Treningsdag<br>• Utedag (tur, leik og aktivitetar)<br>• Fadderdag |
| **6A:** | • Overnatting<br>• «Alt utanom ein sekk»-dag<br>• Kjendisdag – kle seg ut |

| | |
|---|---|
| | • Bad hair day<br>• Bytte kjønn-dag<br>• Kanonballturnering |
| **6B:** | • Ingen vidare forslag enn det som har vore tatt opp før. |
| **7A + 7B:** | • Kanonball- / fotballturnering (kanskje «tryggast» med kanonball) |

**Sak 2: Saker frå klassane**

Kvar klasse hadde til dette møtet høve til å komme med innspel til *to saker*:

| | |
|---|---|
| **5A:** | Lærebøker i matematikk. Det blir mykje ark, noko som er uoversikteleg. I tillegg blir det mykje «bruk og kast». |
| | Ynskjer symjing kvart år. |
| **5B:** | Elevane ynskjer å vere inne i friminutta på dagar med mykje regn. |
| | Elevane ynskjer å nytte mobil på skuleplassen før skulestart.<br>*Vi drøfta litt kring denne saka i møte og vart samde om å ikkje bruke vidare tid på den. Naustdal skule er ein mobilfri skule, og vi drøfta ulike konsekvensar av mobilbruk i skuletida / på skuleområdet og at dette vil vere uheldig for skulemiljøet.* |
| **6A:** | Skidag i Blomlia. (Har sett innlegg på Facebook der andre skular har vore tidlegare. Hilde fekk ein kopi av dette). |
| | Badedag i Førdehuset. |
| **6B:** | Har ikkje kome saker frå klassen. |
| | |
| **7A + 7B:** | Ynskjer tørkeskap i garderoben. |
| | Når ein søker om klasseballar ynskjer ein at det skal vere ein fotball og ein stikkball til kvar klasse. |

**Elevrådet bestemte i møte at fylgjande saker skal opp til drøfting ved neste elevrådsmøte:**

- Skidag i Blomlia
- Tørkeskap i garderobane

Det vil bli utdjupa i innkallinga til neste elevrådsmøte kva klassane skal drøfte kring desse sakene før elevrådet arbeider vidare med dei.

Beste helsing

| | | |
|---|---|---|
| Nora Taule Leikanger<br>*Referent* | Emily Jensen Fauske<br>*Elevrådsleiar 5-7* | Hilde Sognnæs Strandos<br>*Elevrådskontakt 5-7* |